



Kartverket

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79

5906 FREKHAUG  
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	13891705	Dato:
	Sak/dok.:	18/65856-1	12.12.2018
	Ark.:	346	

## Dokumenter manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 5 bnr. 7 og 159 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring, erklæring vedrørande unntak frå konsesjonsplikta og erklæringane frå Kari Fløysand og Vidar Fløysand. Dokumenter manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

#### Kva må til for at dokumenter kan tinglysast?

1. Dokumentavgifta skal fastsetjast ut frå marknadsværdien til arealet på tinglysingstidspunktet. Dette følgjer av dokumentavgiftslova § 7 første ledd. Værdien de har ført opp i dokumentet, 10 000, er så låg at vi er usikre på om dette er marknadsværdien. Vi ber derfor om at de enten - endrar avgiftsgrunnlaget til marknadsværdien, eller - dokumenterer kvifor de meiner at avgiftsgrunnlaget er rett.

2. Det følgjer av matrikellova § 15 og matrikkelforskrifta § 33 at arealet som skal bli overført må vere utan hefte. På gnr. 5 bnr. 7 er det tinglyst ulike hefte.

Asle Fløysand må enten frafalle sine rettar i arealet som skal bli overført, eller slette rettane i sin heilhet. Det må på erklæringa framkomme størrelsen på arealet som det skal bli frafalt i

Samstundes ber vi om at det på alle erklæringane blir oppgitt dokumentnummeret på retten det blir fráfelt i.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenter inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

**Praktisk informasjon**

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen  
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.